

På Rotary-møtet om samferdsel:

– Volda må gjere bompengevedtak innan eit år

Det opne møtet om samferdsel tysdag samla mange tilhøyrarar i Ivar Aasen-tunet, og samfunns engasjerte personar frå både Volda og Ørsta fekk høyre at Voldatunnelen kjem, og at han nok blir delfinansiert med bompengar. Men kvar bomstasjonane skal plasserast er det langt frå semje om.

Klar tale frå Statens vegvesen

Det var under det opne møtet som rotaryklubbane arrangerte at seniørrådgivar Jan Stavik frå strategiseksjonen i Statens vegvesen Region midt var heilt klar på kva som er statens bompenegepolitikk. For bilar med trafikk med meir enn 3.000



Det var stor interesse for det opne vegmøtet som rotaryklubbane i Ørsta og Volda arrangerte.

bilar pr døgn, vil staten ikkje akseptere utbygging utan bompengar. Det vil seie at utvikling av hovudvegane i byane fram til 2040 vil vere avhengig av vedtak som byane sjølv tek, og viste til Volda kommune og Voldatunnelen.

Stavik konkluderte altså med at for Voldatunnelen er det naudsynt med bompenegefinansiering, og det er naudsynt å starte planlegginga no. For å kome inn i nasjonal transportplan 2014–2023 må Volda kommune gjere endeleg kommunale vedtak innan hausten 2012. Ein vil då kunne få byggjestrart i 2015. Det vil såleis uansett ta tid før trafikkproblema i Volda sentrum blir løyst etter at E39 blir flytt til Kvivsvegen i september 2012.

Kva vil det koste?

Statens vegvesen har i sine utrekningar teke utgangspunkt i 6.000 bilar, to bomstasjonar (på ny tunnel og dagens veg), betaling i begge

Seniørrådgivar Jan Stavik ved strategiseksjonen i Statens vegvesen Region midt peikte på at det vil ta 100 år med dagens løyvingar å løysa investeringsbehovet i Møre og Romsdal ved 100 % statsfinansiering.

retningars og inntil 50 % rabatt. Ein sats på kr 40 (rabattpris 20 kr) vil med 20 % statsfinansiering gje 15 års nedbetaling.

Dårlege til å rekne

Vegentusiast Jørn Kippersund hevda i sitt innlegg at Voldatunnelen er ei viktig sak for alle brukarar av E39, også Ørsta. Og med plasseringa av sjukehuset kan Voldatunnelen vise seg å vere livsviktig for innbyggjarane i Ørsta.

Kippersund talte bestemt då han sa at eit trafikktal på 6.000 er altfor smålåte, og kritiserte Statens vegvesen for å vere dårlege til å rekne. Jan Stavik var samd i påstanden, men hevda samstundes at det er sjeldan nokon kritiserer Statens vegvesen når bompenegeperioden blir kortare enn det prognosene tilseier.

Etterlyste Volda-støtte til Fefast

Avgått ordførar Gudny Fagerhol meinte bompengesaka først og fremst var ei sak for Volda, og som måtte løysast i Volda. Samstundes etterlyste ho støtte frå Volda kommune når det gjeld Fefast. Det er avgjerande at både næringsliv og kommune støttar opp om dette prosjektet, slo Fagerhol ettertrykkeleg fast.

Plassering av bomstasjonane

Utgangspunktet er at bomstasjo-



nane skal plasserast på prosjektet etter prinsippet om at den som har nytte skal betale, og at den som betaler har nytte. For å hindre omkjøring, vil det bli plassert bomstasjon både på Voldatunnel-vegen og gamlevegen. Vegvesenet vil ikkje akseptere plassering av bomstasjonen nærmare Stryn, då Stortinget har vedteke at Kvivsvegen skal vere fri for bompengar.

Dersom det blir planlagt ein «by-pakke» som tek sikte på å løysa fleire oppgåver enn berre Voldatunnelen, vil ein stå langt friare i plasseringa av bomstasjonane og talet på bomstasjonar. Passerer ein fleire bomstasjonar innan for eksempel éin time vil ein kunne sleppe å betale for meir enn éi passering.

Av oppgåver som kan løysast kan vere miljøgate og sentrumstiltak både i Ørsta og Volda, sykkelveg Rjånes-Rotset, kryss ved ferje kaia i Volda mv.

Geir Høydalsvik

CLARINS PARIS



Avslappande bad & dusj og
30 ml Multi Active dagkrem
Ein 30+ krem som førebyggjer dei
første linjene og rynkene

verdi 510,- **180,-**

COSMETIQUE

Dior - Clinique - Clarins - Sans Soucis
- Elizabeth Arden - Declaré

Fasa'den frisør &
damme & herre parfymeri
TLF. 70 06 79 12
ØRSTA TORG - 6150 ØRSTA